

MINNEMARKERING ARNE GARBORG 1924-2024

G

sanning
tvil

JÆREN
MEIERI

JÆREN MEIERI BRYNE 26.JANUAR-17.MARS 2024

Time kommune og Bryne kunstforening



KINE LILLESTRØM

TROND HUGO HAUGEN

ELISE STORSVEEN

Vaknande vind

Arne Garborg lengtar attende

Eg lengtar etter Homer.
Eg saknar den djupe fred.
Nå er det oppkava krampe.

Eg lengtar etter lauvgjerdet av
hasselkratt i Risabakkane.
Innanfor der blømer
fløyelsfin kusymre
under skjelvande ospekroner.

Eg lengtar etter å kjenna
den stigande angen av høy.
Den krydderfriske lukta av utslått-voll.

Eg lengtar etter vårdagane
då me skar pors.
Å, kor det anga
som ingenting anna!

Eg lengtar etter mjuk luft
og vaknande vind.
Skal ein arbeida må det blåsa litt.
Det er tryggare då.

Når det blæs kan ein høyra
døyvde brak av brytande bølger.
Eg saknar den vaknande vind.

Eg lengtar etter den mørke torvlukta
blanda med klår ange av
bølgjande lyng og sjø.

Særleg i mørke dagar og svarte netter
når Jæren sig inn
i djupare og djupare skugge,
lengtar eg.

Når tunge fnugg fell tett
frå den snøgrå lufta
og jorda vert meir og meir ei snøfonn,
lengtar eg.

Eg lengtar etter å drikka morgonluft.
Vårlufta som kjem inn det opne glaset
og minner meg om kvit vin.

Eg lengtar etter vipa som kryssar
over himlane
og lerka som jublar og
lokkar: «Ut med deg!»

Eg lengtar etter glitter og blenk
i åer og vatn. Å, eg skulle
hoppa på rim, dansa på vers!

Eg lengta då det kolna kring meg.
Når augo vakna og såg på meg.
«Ein framand?»
Undrande såg dei på meg:
«Er det du?»

Og eg lengtar nå,
etter draumane som spirde i sinnet
til den sirlande surrande
lyden av tussehjulet.
Det lange diktet
eg laga om Arabia.

Særleg i mørke dagar og svarte netter
når Jæren sig inn
i djupare og djupare skugge,
lengtar eg.

Når tunge tankar tumlar,
underlege ormar og drakar
vaknar og glør,
stikk fæle kjeftar fram
frå skumle skallar.


Eg lengtar etter blåtonen
som drøymer over
den kvite strandlinja og
dei brune heiane.

Eg saknar dei vide myrer
og kveldsklåre vass-speglar
når regnskodda lettar
og landet er nytt for augo mine.

Eg lengtar etter lerkelyng
og vipevår.
Eg lengtar etter Homer,
etter fortid og framtid og fred.

Eg lengtar etter at
himmelen skal lyfta seg
over det blanke
og blåmjuke havet
som ei signing.

Helge Torvund



Jæren Meieri, 1950
Fotograf ukjent

Frå meieri til kunstarena

Sigvart Zachariassen, Bryne kunstforening

Trond Lie, Time kommune

Midt i Brynebyen ligg gamle Jæren Meieri. Her har det spunne store historiar og slarva slåser heilt frå Garborg si tid. Jæren Meieri har sett det meste av landbruksutvikling og opplevd at Jæren har vakse fram som eit av dei viktigaste landbruksområda i landet med ei stor klynge av landbruksindustri og jordnær forskning.

Men så var det slutt i 1991 og sidan har lokala for det mest stått tomt. Det er jo for gale. I samband med det nasjonale Garborgjubileet i 2001 var det ei sagnomsust utstilling av samtidskunst i bygget. Og no skjer

det igjen. Time kommune og Bryne kunstforening vil blåsa nytt liv i den gråkalde betongen og dei godt synlege restane av meieridrifta. Denne blandinga av byggeplass og ruin har på ny vist seg som eit fruktbart bakteppe for samtidskunst.

Kunstnarane Kine Lillestrøm, Trond Hugo Haugen og Elise Storsveen har lete seg inspirere av bygget, historiane i veggane der og av Garborg, både Arne og Hulda. Jens Erland har vore kurator.

Utstillinga er ei markering av 100-årsdagen for Arne Garborgs

død. Det står klart for oss som arrangørar at det gror mykje nytt liv i Garborgspora, og kanskje kan utstillinga inspirera til meir liv i Jæren Meieri.

Det har ikkje vore enkelt og det har vore mykje arbeid. Me vil takka dei som har gitt oss pengar, dei som har stilt opp med handverkarar og utstyr, alle støttespelarar og bidragsytarar. Og ikkje minst dei frivillige som har stått i støvskya for å klargjera dei store areala i tillegg til alt anna. Aldri er det brukt fleire frivilligtimar til å setja opp ei utstilling.

Om **G sanning tvil**

Jens Erland kurator

Det starta i kommunestyresalen i Time, våren 2022. Kultursjef Trond Lie sa at Jæren Meieri kunne brukast på ny. Om eg hadde ein idé til bruk?

Det slo ned som eit lyn: 2024 er det 100 år sidan Garborg døydde, kan me laga ei minnemarkering?

I 2001 var det 150 år sidan han vart fødd. Då laga me ei stor utstilling med samtidskunst i meieriet, og me opplevde at hans skrifter og verdiar, hans tankekraft og føredøme, framleis kan fungera som inspirasjon for samtidskunstnarar i vår tid. Men dette er 22 år sidan. Fungerer det

ennå? Det er ei av problemstillingane me vil undersøka med prosjektet. Ballen rulla, vedtak vart gjort. Bryne Kunstforening ved Sigvart Zachariassen og Time kommune ved Trond Lie er arrangørar, eg er valt av Kunstforeninga til kurator, slik som til 150-årsjubileet i 2001.

Ei av balanseaktene som kurator i eit samarbeid, er fleksibilitet kombinert med kunstnarleg kompromissløyse. Fyrst og fremst må me velja rett stad i bygget. 18. mars 2022 har styringsgruppa fyrste synfaring i meieriet. Den høge ystehallen er

*Som ljuset hev den eine Draum:
aa brenne ned,
han helsa glad den Skoddeflaum
som gav han fred.*

delt opp horisontalt. Bra! Dermed blir dette svært ulikt 2001. Me går opp i 3. etasje og alt fell på plass. Eit kjempestort vinkelrom, over 1000 m², ubrukeleg til vanlege føremål, men med visuelle kvalitetar som gjer det svært tenleg for kunsten. Her kan det Garborgske bakteppet verta sett frå nye vinklar. Romet har eit stoffleg preg, og ber historiar i mange lag, mjukt opplyst frå nord gjennom glasbyggstein. Bruken av desse rå, uforedla industrilokala ser eg på som ei kunstnarleg ytring i seg sjølv, i samsvar med Garborg og bondesamfunnet.

Til å inspirera kunstnarane eg hadde i kikkerten bruka eg mellom anna dette sitatet frå Knudaheibrev 27.7.1916.

«Optimistane hev rett. Og like eins pessimistane. Solsida er sanning. Dagen er røynd og natta er røynd; alle mellombryte mellom dag og natt og sol og skugge og vent og stygt og godt og vondt er alle sanning og røynt, hev alle «rett».

Det finst ikkje noko så fåme (nyttelaust) som å setja opp «motsetningar», dei striaste me finn av det slaget er ikkje meir motsette enn raudt og fiolett i regnbogen. Alt er eit uendeleg fargespel, der alt høyrer med likegodt; alt er ein uendeleg rikdom av endelaust inkjevetta. Alle filosofar er narr; men dei som seier at filosofane er narr er sjølve filosofar. Alt er «sant» og alt er «lygn», og sanning og lygn samanlagde er røynda, tilværet, det som me kan seia alt om,

og som me ikkje kan seia noko om. – Kva me då skal seia? – D'er godt ver i dag, skal me seia, når me ikkje likså gjerne vil seia ingenting.»

Dette dagboknotatet frå 1916 er eigna til å reflektera rundt vår tids ofte manipulerande og omsynslause bruk av «fake news» for å avfeia all kritikk, som me har sett, og ser, grove døme på i våre dagar. Når utsegna ovanfor er av same forfattaren som skreiv: «Sandheden- Sandheden, om den saa skal føre til Helvede!» (frå brev til Gerhard Gran, 20. juli 1896) kan ein med god grunn diskutera om dagboksnotatet er meint ironisk, som provokasjon, dekadanse osv., og brukast til å diskutera Garborgs relevans i dag.

Val av kunstnarar er gjort i samsvar med Garborgs kunstsyn om å fremja utfordrande samtidskunst. Dette inneber også at dei arbeider

ekspansivt og ikkje illustrativt, at dei utvidar vår oppleving av Garborgs verk.

Fyrst får eg Kine Lillestrøm og Trond Hugo Haugen, begge med praksis frå store rom, begge engasjert i Garborgane. Saman har dei laga eit lite Garborgstunt på Tou, og Kine er oppvaksen på gard i Østerdalen, med sæter som næraste nabo med Kolbotn.


Elise Storsveen som kan arbeide monumentalt, vert valt som tredje utstillar. Eg reiser til Oslo og ser hennar utstilling «Hetebølgene» i Vigelandsmuseet, og forstår då at ho er eit rett val.

Etter ein del att og fram fell også tittelen på plass: **G sanning tvil**


Kine Lillestrøm











Garborg, ettermælet

Peter F. Strassegger

Utstillinga **G sanning tvil** skal prøva å visa noko av det umiskjennelege ved Garborg, at han kunne vera fullenda og sjølvmotseiande på same tid, at me dermed må forhalde oss til eit rikt og komplekst forfattarskap. Men kor lenge vil forfattarskapen hans bestå?

I år er det 100 år sidan Garborg døydde. Gjennom utrøyttelag innsats til formidlarar har forfattarskapen til Garborg fått stadig nye lesarar gjennom desse hundre åra. Men hadde han sjølv trua på at det skulle vera tilfelle? Det verka ikkje slik om ein skal dømme etter dagbøkene hans.

«Endå ein ting, som elles er sjølvsgad: Når eg er gravlagd så er folk ferdige med meg. Ein liten gravstein kan mine nærmaste setja opp; elles skal ein ha nok med den minnestein ein hev kunna reisa seg sjølv gjennom sitt arbeid. Han stend lenge nok den: Når han fell, så er jamvel den største steinen ingenting; stend berre i vegen»

Dette skreiv Arne Garborg 11.09.1910 i dagboka si medan han var i Knudaheio. Det er ein del av hans eigen «liktale» som han ville skulle bli lesen under gravferda. Garborg

sjølv hadde, ved første augekast, ikkje stor tru på at han ville få eit langt ettermæle. Ein får somme tider inntrykk av at Garborg dyrka einsemda si i Knudaheio – på grensa til det parodiske. Stadig vekk dukka det nemleg opp folk som ville snakka med «den store diktaren» medan han var på Jæren (dagbøkene hans er fulle av slike møter), og i Asker og Kristiania skjedde det store ting omkring målrørsla og Det norske teateret der Hulda og Arne utgjorde eit slags nasjonalt kultursenter for ei ung, progressiv kulturrørsl. Men dette syntes ikkje Garborg å leggja særleg



Arne Garborg i Knudaheio 1909. Foto K.K Kleppe

vekt på då han sat og fabulerte kring gravferda si.

Det kan ta tid å skjønna den djupe, tørrvittige og sjølvmotseiande humoren til Garborg. For kven er det egentleg som skriv sin eigen liktale, i ei likferd der alle taler – ifølge han sjølv – skulle vera forbode! Samstundes kommenterte han stadig vekk, og i fullt alvor, at ingen brydde seg om kva ein gamling som han meinte, at litteraturen hans ikkje nådde ut til folk meir, at han ikkje greidde å fornya seg. Denne «sutringa» gjekk til slutt så langt at Hulda tok affære. Ho var redaktør for dagbøkene hans før dei blei publisert, og korrigererte han i form av fotnotar. Ein stad skriv ho, etter at han hadde raljert med kor einsam og gløymd han var, at han er den minst einsame mannen i landet, og at det

berre er «innbildning og koketteri og forkjælenhet og en av naturen formørket forstands villfarelser» når Garborg påstår at han er åleine. Den einaste grunnen til at han i ytre forstand er åleine i Knudaheio var, ifølge Hulda, at han «garderer seg med nebb og klør» for å bli nokolunde åleine.

Hadde Arne eller Hulda rett?

Hadde Arne rett i at han ville bli gløymt, men bomma med hundre år? Det vil seia: Vil han bli gløymd utan at nokon bryr seg? Når den største minnesteinen – det vil seia litteraturen hans – fell, står då berre resten av ettermålet hans i veggen? Eller hadde Hulda rett, at det berre var villfaringa til eit mørkt sinn å tru at Garborg blir gløymt?



*Hulda Garborg
(Nasjonalbiblioteket, Nynorsk kultursentrum)*

Per i dag må ein gje Hulda rett – Garborg er ikkje gløymt, sjølv hundre år etter hans død. Og det er noko av det me skal markera med denne utstillinga, der tre aktuelle samtidskunstnarar fyller meieriet og på kvar sitt vis står i eit personleg og kunstnarisk forhold til Garborg. Kva framtida vil bringe, kan me ikkje sjå. Det kjem nok ikkje berre an på ettermålet til Garborg, men

like mykje på litteraturens rolle i liv og samfunn. Stadig færre les bøker, bokmarknaden stuper, og litteraturen har stadig mindre kraft til å påverke samfunnet og dei politiske prosessane, samanlikna med før. Mange ser mørkt på framtida til boka. Og dersom det blir så ille som det ser ut til, er det då noko håp for Garborg sin litteratur? Eller er litteraturens tid forbi?

Samstundes er det mogleg å tenka seg at litteraturen no berre er inne i eit utviklingsprang. Leseinteressen går ned for tida, ja, men det vil kanskje framleis vera behov for litteratur som eit samlingspunkt. Som ein stad der noko viktig blir fortalt, ein stad folk oppsøker i sitt indre for å lytte og mogleg vekse. Dersom det er noko i den tanken, kan ein koma med meir optimistiske spådomar, også

når det gjeld fornyinga av Garborg. Litteraturen vil finne sin eigen plass i den nye tida som kjem, sjølv om me ikkje klarar å førestille oss kva plass den skal få i ei verd på full fart mot digitalisering og ein KI-styrt kvardag, samt med krigar, økologiske undergangar og nedbygging av matjord trugande rundt kvart hjørne

Litteraturens håp

Dersom det er noko håp for litteraturen generelt, og Garborg spesielt, må det kanskje botne i at folk ønskjer å finne tilbake til ein felles interesse for utforskning av det menneskelege, det subjektive, det djupe og uutgrundelege. Det som ikkje luktar av abstrakt-avatarisk livsutfalding i ei høgteknologisk virtuell verd, men utfalding i ei

konkret verd på jorda med liding og tunge lodd som vektar langt ned i menneskesjela. Ein indre stad til å bruke førestillingskrafta og fantasien sin til å seia noko ekte, sant og djupt paradoksalt om mennesket tilstand på jorda og i æva. Her vil Garborg kunne halde fram med å vera relevant, for når han var på sitt beste, nådde han djupt inn i menneskesjela og eksistensen med skrivinga si. Og dersom Garborg skal ha eit ettermæle i uoverskodesleg framtid, må han derfor ha skriva ei bok som folk tek til seg og fornyar. Som dei antikke drama som me stadig vekk skapar og fortel på ny, fordi dei seier noko sant og evig om oss. Har Garborg skriva ei av disse mytiske bøkene som blir lesen og fornya på nytt og på nytt? Eg held ein knapp på Haugtussa.

Haugtussas posisjon

Haugtussa var i periodar av stykket så djupt deprimert at ho haldt på å gje opp alt håp. Likevel stod ho vidare i kampen for kjærleiken. Då ho blei sviken av sin kjære Jon, fekk ho eit tilbod av Haugkallen om å bli med inn i hans verd, der ho kunne gløyme all smerte og alt det vonde. Men Haugtussa nekta å gå inn i ei trollverd som var basert på falske premissar. Ho kom ut av det med ei aksept av at verda er vond og god, at det er betre å oppleve den i all si utstrekning enn å fortrenge det ubehagelege ved å flykte i ei falsk verd. Som ho sa: «Å heller vil eg med augo sjå, enn dauv og blind gjennom verda gå og ikkje det sanne skilja».


Haugtussa klarar på sett og vis å koma i ein posisjon der ho foreinar

motstridande verdsbilete. Dette er ein tilstand der ting kan vera både vonde og gode, ein tilstand av mogleg vekst når ein aksepterer at «det gode» ikkje vinn. Men samstundes skildrar ikkje Garborg dette som himmelfallen ro og harmoni. Sjølv om Haugtussa kjem til ein slags aksept og mognar av livspåkjenningar ho har vore gjennom, let dei motstridande sider seg ikkje oppløyse. Eit svik er eit svik, det skal ikkje bagatelliserast. Haugtussa er ikkje hemngjerrig på Jon, men ho gløymer heller ikkje sviket. Ho kjempar den gode sak, og sjølv om ho aksepterer det vonde, går ikkje sannheit og lygn over i kvarandre. Kan ein tilgje nokon som ikkje ber om tilgjeving? Nei. Evna til å kjenne lidenskap, og det å kjempa for sannheita har Haugtussa i seg. Nett

det hadde også Garborg i si samtid, og nett der kan han bli relevant igjen. Den mest interessante delen av boka er slutten, det vil seia stillheita ved stykkets ende. Kva som skjer vidare med Haugtussa etter ho har komen i den nye tilstanden sin er opp til fantasien til lesaren.

Den kampvillige Garborg

Den gode Garborg er den kampvillige Garborg. Her er det eit håp for litteraturen hans, om det er håp for litteratur i det heile. Garborg vil bli lesen og forstått så lenge Jæren held kontakt med jorda si, språket sitt, og arva etter bondekulturen, som stod sentralt i forfattarskapen til Garborg. Men også så lenge folk har interesse for å utforske djupet i menneskesjela, kvifor folk gjer som dei gjer, og kva



det vil seia å veksa som menneske. Haugtussa sin posisjon inneheld ein viktig lærdom for oss i dag. Ho foreinar ikkje motpolar, men fell heller ikkje for freistinga til å forenkle og polarisere. Ho held stø kurs, er stolt og enkel gjennom å lodda synet sitt til djupare sanningar om mennesket. Og er det ein ting ei verd på eit økologisk vippepunkt og med ein trugande storkrig treng i dag, så er det viljen til å kjempe lidenscapeleg for det gode og sanne, å anerkjenne at ein ikkje alltid kan vinne, men heller ikkje bruke tid og energi på å forsonne seg med dei som ikkje har bedt om forsoning.



Dette er Garborgs radikale arv. Blir den redusert til noko anna, til noko tamt og meir «fordøyeleg», vil Garborg berre bli eit hult smykke. Og dei som smykkekar seg med Garborg medan dei førar folk bak lyset, vil til slutt stå igjen med mangel på svar, ordlause.

Kjelder:

Arne Garborg: Knudaheibrev (2004), Haugtussa (2006).
Jon Morgan Stokkeland: Å heller vil eg med augo sjå.
Garborgs Haugtussa lese med Freud, Klein og Bion (2018).

Trond Hugo Haugen









UPP ENDELAUST

Trond Hugo Haugen

1

UM MYR
UM LIVD
UM HEFT
UM GJÆRINGSTID
UM PENGAR
UM KRIG
UM KVERNHUS
UM RØYDOM
UM LIVSRØYNSLA

TENK
DEG KJE UM
SOMNA AV
PAA VAKTI
OG

KLIPP
KLIPP ENDELAUST

KLIPP FJELLET
KLIPP VINDEN
KLIPP KORNET
KLIPP JORDA

UM HÅP
LAGT I HAUG

BRUK SOLKREM
BRUK ULL
BRUK LUE
BRUK REFLEKS
BRUK REGNTØY
IKKE PARAPLY

KLIPP DJUPT
DJUPT NEDI
BRATTARE, BRATTARE, BRATTARE
DJUPARE

I GRUS
DØDT

BRUK SKO
BRUK HJELM
BRUK LYS
BRUK SLYNGE
BRUK KJEFT

DJUPT NED
DJUPT UNDER JORD, GRAV OG GRUNN
DJUPAST

I HENDENE VÅRE
I DIN HÅND

BRUK STEIN
BRUK KNIV
KLIPP HÅRET
KLIPP GJERDET
KLIPP HÅPET

ALLER DJUPAST
NED

OM OSS

UM HEI
UM BLEIKEMYR
MED BUKKEBLAD
DER HEGRE STIG
OG

OG HEILO FLYR

2

ROTNAR
ELLER RUSTAR
ELLER RAMLAR
VISNAR
BRENN I ALLE DAGAR

UM NOKRE LIV
UM NOKRE GENERASJONAR
UM NOKRE ÅR
UM NOKRE DAGAR

STÅ OPP MENNESKE

BLÅS ANDRE VEI
BLÅS ORDENE HØYT

UT AV HENDENE DINE
UT FRA HENDENE VÅRE

UPP MED HAUG
UPP MED MØY
UPP MED SANNING
UPP MED TVIL

UPP ENDELAUST

LA FJELLET LEVE
LA VINDEN BLÅSE
LA FJORDEN HVILE
LA JORDA GRO

OG HEILO FLYR




Elise Storsveen











MOCO MOVEMENT COLLECTIVE
opna utstillinga med framføringa E.
Koreografi og dans Stine I. Knudsen,
Camilla Apeland og Jøran Ravndal
Lyddesign Thomas Lønning
Foto Linda Årdal

Kunstnarane

ELISE STORSVEEN (fødd 1969) er ein norsk kunstnar og nokre gonger kurator.

Ho arbeider innafor ei rekke teknikkar og uttrykk med hovudvekt på collage, tekstil, maleri, installasjon og skulptur.

Ho har hatt ei rekke utstillingar, mellom anna på Kunstnernes Hus, Kunstnerforbundet, Galleri Soft, UKS, Galleri 0047, Fotogalleriet, Vigelandmuseet og har delteke på gruppeutstillingar ved mellom anna Nasjonalmuseet i Oslo, KODE i Bergen, Tekstilmuseet i Lodz i Polen, Malmö Konsthall, Bergen Kunsthall, Kunsthall Oslo og Munchmuseet.

TROND HUGO HAUGEN (fødd 1975) har ein brei kunstnarleg praksis som manifesterar seg i teikning, prosjektbaserte verk i offentlege rom, utgjeving av artists' books og engasjement i kunstnarstyrte initiativ og institusjonar.

Han har mellom anna drive det mangeårlege kunstprosjektet KA DÅ ITTEPÅ (2005-2011) i Stavanger og stått bak det nasjonale kunstprosjektet Et riksportrett (2014).

KINE LILLESTRØM (fødd 1977) arbeider hovedsakeleg stadsspesifikt med maleri, skulptur og installasjon opp mot stadens arkitektur og historikk.

Ho har hatt fleire utstillingar med både eigne verk og samarbeidsprosjekt og har hatt eit toårig atelierstipend i Oslo rådhus og utført større oppdrag for Oslo kommune, Price Waterhouse Coopers, Arbeid- og velferdsdirektoratet og Folketrygdfondet.

Verksliste G sanning tvil

ELISE STORSVEEN

drøs drøset drøs drøsa 2024
Installasjon
Transparent og applikert tekstil (gjenbruksmaterialer, vlieselin og stillasnetting) fordelt på tre diagonale lengdar
2,7 x 50 meter

KINE LILLESTRØM

Skitze 2024
Maleri, installasjon
Silikatmaling, furu, OSB, spon, kryssfiner, sedertre og MDF. Restmaterialar funne i Jæren Meieri, samt rundt omkring i Bryne
2.20 x 8 meter

Terraine 2024
Skulptur
Brukte belteplater i stål frå Brøyt
35 x 80 x 60 cm

Lampelys 2024
Stoveplantar,
plantebelysing

TROND HUGO HAUGEN

Upp endelaust 2024
Teikning
Kol på tekstil, jord
4 x 49 meter

Frottage av skrivebord, jærstol, grav og steingjerde i Knudaheio, skulptur av Fritz Røed (2001) på Bryne torg, portrettbyste av Gunnar Janson (1949) utanfor tidlegare Deichmanske hovedbibliotek, Oslo og Brøyt gravemaskinskuffe. Tekstfragment av Arne Garborg på landsmål.

Historiefortelling (film) 2024
HD Video
2.50 minutt

Fotograf: Eivind Egeland
Klipp: Kai-Arne Svanæs-Soot
Musikk: Music Vine
Takk til Criss Omland, Deimile Gustyte, Eline Vagle og Morgan Andreassen.

Kunstnarane har motteke støtte frå Norsk kulturråd og Billedkunstnerens Vederlagsfond, samt opphald ved Obrestad fyr av Rogaland fylkeskommune.

Hulda Garborgs vei 1952-1954

2024
Video
Skjermopptak
19.25 minutt

Takk til Jenny Emilie Østli og Asgeir Østli, Østensjø historielag og Byarkivet, Oslo kommune.

Hulda Garborg

2024
Teikning
Kol på tekstil
165 x 106 cm

Frottage av protrettbyste av Trygve Thorsen (1928) på Det Norske Teater, Oslo.

Arne Garborgs ansikter

2024
Teikning
Kol på tekstil
157 x 161 cm
Frottage av protrettbyste av Gustav Vigeland (1904) på Det Norske Teater, Oslo.

Ei stor takk til

PROSPECTIVE for lån av lokalet

MESTERBYGG BRYNE for koordinert byggteknisk tilrettelegging av lokalet



AFRY

CRAMO

GLASSMESTER EINAR KNUTSEN

HORPESTAD PLANTESALG

KAYS BETONGSAGING

NEUMAN BYGG BRYNE

NOHA NORWAY

PROSJEKTIL

RENOVASJONSSERVICE

SCHINDLER

SIG. HALVORSEN

T. STUELAND LÅS

TEKNISK MULTIMEDIA

TIME ELEKTRO

LEVI OG GJENGEN



Time kommune



Utstillinga er eit samarbeid mellom Time kommune, Bryne Kunstforening og Garborgdagar



FRITT ORD

Kulturrådet

sparebankstiftinga jæren Time og Hå

BKV
BILLEDKUNSTNERNES VEDERLAGSFOND



Rogaland
fylkeskommune

